

Prosjekt:
Legeavdeling VHS Ombygging/påbygg 2020-2021

SHA-PLAN



Utarbeidd av	Dato	Sist revidert av	Dato	Rev. indeks
Kjetil M. Vaagen, prosjektleder SHA	01.03.20	Kjetil M. Vaagen SHA-PL	01.03.20	A

INNHALD:

1. FORMÅL
2. ORIENTERING OM PROSJEKTET
3. MÅLSETTING
4. ORGANISASJON
5. SPESIELLE RISIKOMOMENT
6. RIGGPLAN
7. FRAMDRIFT
8. FORHOLD PÅ BYGGEPLASSEN
9. HANDLINGSPLAN VED ULYKKER
10. KRAV TIL RAPPORTERING
11. BYGGREINHALD
12. INFORMASJON TIL DELTAKERANE
13. OPPFYLGING OG AJOURFØRING
14. REAKSJON
15. KRAV TIL HOVEDBEDRIFT

VEDLEGG (LEGGES INN ETTER KONTRAKT):

1. ROS-analyser prosjekterande
2. SHA-avtale koordinator prosjektering og utførelse (KP)
3. Organisasjonsplan SHA
4. Adresseliste SHA
5. Riggplan
6. Framdriftsplan
7. Melding til Arbeidstilsynet
8. Handlingsplan ved alvorleg ulykke
9. Sjekklistar

1. Formål

SHA-planens formål er å verne arbeidstakerne på bygge- og anleggsplassen mot farer gjennom at sikkerhet, helse og arbeidsmiljø blir ivaretatt i planlegging, prosjektering og ved utførelse av bygge- og anleggsarbeider

2. Orientering om prosjektet

Prosjektet omfattar ombygging og påbygg av legeavdeling ved Vinje Helsecenter. Dette inneber eit tilbygg på om lag 150 m², samt ombygging av om lag 265 m². Det samla arealet av legeavdelinga vil etter ombygging bli snaue 700 m². Tilbygget skal i hovudsak romme nye kontor, samt at eksisterande røntgenrom skal flyttast hit. Heile tilbygget er på eit plan.

Bygget har tilkomst på Åmothaugen og har til dels dela parkering med Bratlandsbygget som mellom anna inneheld Spar, kafe m.m. Då bygget er sentralt plassert i Åmot må det takast omsyn til trafikk, samt gåande og syklande ved trafikk frå og til anlegget.

Oppstart bygging: antatt byggestart ca 1. september 2020
Ferdigstillelse: antatt ferdig ca 1.mai 2020
Tas i bruk: vår/sommar 2020

3. Målsetting for SHA

Det er Vinje kommune som byggherre og tiltakshaver sitt mål at prosjektet skal gjennomføres uten skade på person eller miljø.

For å oppnå dette vil byggeplassen bli planlagt, organisert og kontrollert i henhold til regler og intensjonar i Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplasser (Byggherreforskriften) av 21. april 1995.

SHA- planen vil vera eit ledd i dette arbeidet. Den utgjer sammen med andre relevante lover og forskrifter eit regelverk som alle deltakerar i prosjektet er forplikta til å fylgje.

Byggherren oppfordrer alle involvera parter til å bidra til å nå det målet som er beskrive framom.

4. Organisasjon

SHA-arbeidet er organisera på fylgjande måte (jfr. Byggherreforskriftens § 2):

Byggherrens prosjektleder (BH-PL): Navn: Vinje kommune v/Kjetil M. Vaagen
Koordinator for prosjektering (BH-KP) Navn: Vinje kommune v/Kjetil M. Vaagen
Koordinator for utførelse (BH-KU)
Hovedbedrift for samordning (HB):

BH-PL har utarbeida grunnlaget for SHA-planen

BH-KP skal utarbeide SHA.plan prosjektering og ajourhalde denne i prosjekteringsfasen.

BH-KU skal ajourholde SHA-plan utførelse og syte for etablering av verneorganisasjon.

BH-KU innkaller til sikkerhetsmøte og revisjon av entreprenørene SHA-arbeid etter behov.

Byggherren skal syte for at dei som har sentrale posisjonar i prosjektet har naudsynte skriftlige fullmakter og avtaler før arbeidet i dei enkelte fasane startar.

SHA-planen (jfr. Byggherreforskriftens §7 og §8) skal fylgje prosjektet fram til ferdigstillelse. Dei ansvarlege deltakerane skal syte for at planen vert revidera og detaljerna undervegs, slik at den til ei kvar tid inneheld beskrivelsar og instruksjonar som er hensiktsmessige for dette prosjektet.

5. Spesielle risikomoment

	Farlege forhold	Aktuelt? (Ja/Nei)	Beskrivelse av forholdet og moglege konsekvensar	Risikoreduserande tiltak
1	Arbeid nær installasjoner i grunnen	Nei		
2	Arbeid nær høyspentledninger og elektriske installasjoner	Ja	Utkobling og omlegging av strømkabler i dei delar av bygget som skal rivast. Mogleg konsekvens: Ved mangelfull utkobling av straum, kan dette medføre kortslutning/brann etc	1.Framdrift på utkobling må tas spesielt i fremdriftsplanen 2. SJA før arbeid startar
3	Arbeid på steder med passerende trafikk	Ja	Varetransport til Spar. Køyring til helsesenter og Spar.	1. Skilting og evt. sperringar. 2. SJA før arbeid startar.
4	Arbeid hvor arbeidstakere kan bli utsatt for ras eller synke i gjørme	Nei		
5	Arbeid som inneber bruk av sprengstoff	Nei		
6	Arbeid i sjakter og tunneler	Nei		
7	Arbeid som inneber fare for drukning	Nei		
8	Arbeid som inneber at personer kan bli skadet ved fall eller av fallende gjenstander	Ja	Innheising av elementer eller materialer i bygget Mogleg konsekvens: Fare for skade på personer ved fall	SJA før arbeid startar
9	Arbeid som inneber riving av bærende konstruksjoner	Nei		
10	Arbeid med montering og demontering av tunge elementer	Ja	Skade på personer ved fallende gjenstander Ras pga manglande stabilitet	1.Sikring iht forskrifter. 2.Montasjeplan med okumentasjon av stabilitet under montasje 3.SJA før arbeidet startar
11	Arbeid som innebærer at personer kan bli skadet ved fall	Ja	Arbeid på tak medfører fare for fall	1.Sikring iht forskrifter 2.SJA før arbeid startar
12	Arbeid som innebærer fare for helseskadelig eksponering for støv, gass, støy eller vibrasjoner	Ja	Det vil bli produsert støv i samband med byggingen Mogleg konsekvens: Støvete klima kan medføre dårleg inneklimate for arbeidstakerane ved byggeplassen	Krav til tiltak er beskrive i kontrakt med entreprenør. (Rent-Tørt-Bygg)
13	Arbeid som innebærer brann og eksplosjonsfare	Ja	Det vil utføres arbeid som medfører fare for brann, f.eks	1.Instruks for varme arbeider må

			sveising, taktekking, kapping av rør, kanaler etc. Mogleg konsekvens: Fare for skade på personer og materiell	lagast 2. Propanflasker skal sikres og fjernes fra bygget når de ikke er i bruk. 3. SJA før arbeidet startar
14	Anleggstrafikk til og fra byggeplassen	Ja	Transport av varer og maskiner i sentrum av Åmot og på parkering for helsesenter og Spar. Mogleg konsekvens: Fare for påkjørsel av personar	1. Utarbeide plan som viser hvor anleggstrafikken skal køyre og kva for tiltak på sikkerhet for trafikken som skal iverksettast

6. Riggplan

HB utarbeider riggplan innanfor anvist område.

Riggplanen skal godkjennast av BH-KP og BH-KU for iverksetting.

HB ajourheld riggplanen. BH-KU skal godkjenne endringar.

7. Framdrift

HB skal utarbeide og ajourholde detaljert, felles fremdriftsplan for byggingen.

Planen skal ordne aktivitetar i tid slik at risikofylte situasjonar unngås, og slik at deltakerane sin oversikt og årvåkenhet ikkje vert svekka. Aktivitetar som inneber særskilt risiko skal leggest inn i og uthevast i planen.

8. Forhold på byggeplassen

I entreprisene skal alle relevante ytelser angitt i NS 3419 medtas.

For alle forhold nevnt under punkt 8.1 - 8.15 nedanfor gjeld:

Der hovedbedrift (HB) blir pålagt å utarbeide plan eller instruks for å ivareta SHA-forhold, skal planen eller instruksjonen godkjennast av byggherre ved prosjektleiar (BH-PL) signatur. Det same gjeld for alle revisjonar av plan eller instruks.

8.1 Atkomst, transportveg, parkering

Adkomst skal visast på riggplan (sjå pkt 6 ovafor).

HB skal etablere rutiner/ avtaler for vedlikehald/ snorydding/ strøing som sikrar uhindra og trygg ferdsel på byggeplassen, anleggsvegar og parkeringsplassar under normale værforhold. Kostnader ved dette dekkes av HB.

8.2 Inngjerding, adgang

For å sikre allmennheita mot fare i samband med bygginga, skal byggeplassen i heile byggeperioden vere adskilt frå området rundt med låsbart gjerde. Inne i bygget må den delen som er under ombygging sperrast av frå resterande for å sikre byggeplassen, samt unngå støv, støy etc. til resterande bygg. Det er HB sitt ansvar og halde gjerde og andre stengsel vedlike under heile byggeperioden. HB skal etablere rutiner for begrenring/ overvåking av adkomst og planlegging og veiledning av vareleveranser og andre besøk. HB skal og etablere rutiner for adgang til byggeplassen. Til ein kvar tid skal det kunne fastlåast kven som er på byggeplassen. Det skal til ei kvar tid vere minst 2 personar til stade ved byggearbeid, unntatt ved reint kontorarbeid på trygg arbeidsstad.

8.3 *Avfallsbehandling*

Plassering av avfallscontainer skal skje i henhold til godkjent riggplan (sjå pkt. 6). Inn- og uttransport skal skje utan at det etablerast lyftesituasjonar og krysningar som gjev risiko for uhell.

Avfallshandtering med spesiell risiko skal identifiseras på førehand, og skje i henhold til særskilt instruks. HB har ansvaret for etablering og drift av dette for alle på byggeplassen.

Alt avfall skal kildesortierast iht offentlege krav i minimum fylgjande fraksjonar:

- trematerialer
- metall
- papp/papir
- gips
- spesialavfall
- restavfall

8.4 *Vann og avløp*

HB har ansvar for å forsyne byggeplassen med vann- og avfallssystem av tilstrekkeleg kvalitet og kapasitet til at vannkrevjande arbeidsoperasjonar, byggreinhold, personleg hygiene og drikke/ matlaging kan ivaretas på forskriftsmessig måte. Provisoriske ledningar og tappestader i nybygg og brakker skal sikrast mot brudd og lekkasjer som kan gje kortvarige og langsiktige skader på konstruksjon og innemiljø.

8.5 *Straumforsyning, ljøs og varme*

HB har ansvar for å forsyne byggeplassen med elkraft, ljøsarmaturer og varmeinstallasjonar med tilstrekkelig kvalitet og kapasitet til at alle arbeidsoperasjonar skal kunne utførast med egna utstyr på en sikker måte i et godt arbeidsmiljø. Provisoriske og permanente kabelstrekke skal sikrast mot snubling, og mot brot og støt i samband med flytting av store/ tunge køyretøy, gravearbeid og bruk av kraner/ lyfteutstyr.

8.6 *Brakker/rigg*

HB skal halde toalett, skifte og spisebrakke for sitt behov. Brakker skal plasserast iht. godkjent riggplan og HB har ansvaret for at desse er egna til sitt formål. Dei skal tilfredstille krav i forskrift 529 om arbeidsplasser.

8.7 *Lagring, rydding*

Avlossing og lagring skal skje på område utpekt i ajourført og godkjent riggplan. Eventuell lagring inne i bygg skal kun skje etter avtale med BH-KU.

HB skal etablere instruks for rydding på alle delar av byggeplassen. Spesielt skal ein sikre at viktige transportvegar, gangruter og rømningsvegar alltid vert halde åpne. Dersom ein entreprenør etter skriftlig varsel ikkje innan 24 timer ryddar i henhold til instruks, kan BH-KU uten nærare varsel få utført rydding på entreprenørens regning.

8.8 *Områder for prefabrikasjon*

Områder for prefabrikasjon kan etablerast i h.h.t. ajourført og godkjent riggplan.

Ansvarleg foretak for delproduksjon skal i samarbeid med BH-KU utarbeide plan for sikring av arbeidsområdet og kartlegging og avbøting av eventuelle faremoment og miljøbelastningar (støy, støv).

8.9 *Kraner, stillaser, heiser og maskiner*

Behovet for installasjon og bruk av større, tekniske hjelpemidler skal kartlegges av HB så tidlig som mogleg i planleggingsprosessen, og tas med i tidsplaner og (i hensiktsmessig grad) på riggplan.

Område med risiko for fall av gjenstander skal identifiserast, og eventuelle særskilte sikkerhetsinstruksar skal utarbeidast. Instruksar for bygging, bruk og riving av stillaser, og bruk av provisoriske heisar skal utarbeidast.

8.10 Sikring av arbeidsområde

HB skal utarbeide instruks for underentreprenører si sikring av sine arbeidsområde med rekkverk, avdekninger m.m. Dersom ein arbeidsoperasjon medfører fare for skader eller negativ miljøpåvirkning i tilgrensa delar av byggeplassen, skal desse sikrast/ beskyttast før arbeidet starter.

8.11 Rømningsvegar

HB har ansvaret for å etablere og oppretthalde rømningsvegar i og omkring bygget. Viktige rømningsvegar skal i hensiktsmessig grad avmerkast på riggplanen.

8.12 Telefon

HB skal sørge for at det etableres trådløst nett som har tilstrekkelig kapasitet og kvalitet til å ivareta alle aktørar sitt behov for kommunikasjon.

8.13 Fyrstehjelpsutstyr

HB skal på riggplan vise utplassert nødvendig mengde fyrstehjelpsutstyr. HB skal utarbeide instruks for bruk og vedlikehold av utstyret.

8.14 Slukningsutstyr

HB skal sørge for at det vert etablert forskriftsmessige system og utstyr for brannvarsling og slukning. Sjå pkt. 5, spesielle risikomoment. I hensiktsmessig grad skal dette verte markera på riggplan. Det skal utarbeides eigen instruks for brannsikkerhet ved arbeid med åpen flamme og ved handtering av flasker med brennbar gass.

8.15 Personlig verneutstyr

De ansvarlige entreprenører skal i god tid før igangsetting av sitt arbeid klarlegge kva for personleg verneutstyr som er hensiktsmessig i dette prosjektet. Dei enkelte handverkerar skal før oppstart få god instruksjon i verneutstyrets sin funksjon og bruksmåte. Det er påbud om bruk av hjelm og vernesko for all på byggeplassen.

9. Handlingsplan ved ulykker

BH-KU har ansvaret for å utarbeide handlingsplan ved ulykker. HB har ansvaret for å dele ut denne til kvar enkelt på byggeplassen, og slå den opp på godt synlege stader på byggeplassen.

10. Krav til rapportering

Alle ulykker og alle skader skal meldast til BH og BH-KU. Reglar for varsling/ rapportering til politi og arbeidstilsynet skal medtas i handlingsplan ved ulykker.

11. Byggreinhold

HB skal utpeke eigen ansvarshavande for reinhold og miljø i byggeperioden.

Byggreinholdet skal utførast etter Reint-Tørt-Bygg prinsippet. HB er ansvarlig for at dette blir fulgt opp av den enkelte aktør på bygget. Byggherren vil iverksette tiltak om dette ikkje vert fulgt. Om naudsynt kan SHA-KU stoppe arbeidet inntil forholdet er retta.

12. Informasjon til deltakerane

HB skal i god tid før byggestart halde særmøte med verneombod og hovedtillitsvalgte der SHA-planen vert gjennomgått i heilhet. Verneombod, hovedtillitsvalgte og alle firmaer som skal delta i gjennomføringen av prosjektet skal ha siste versjon av SHA- planen, og skal gjennom signatur bekrefte mottak av denne.

HB skal, i samarbeid med BH utarbeide opplegg for korte "introduksjonskurs" i SHA (Ca. 10 min). Alle som skal arbeide på plassen må gjennom introduksjonen før dei får arbeide på bygget. Det skal utarbeidast ein enkel SHA- instruks som får plass på ei A4- side, og som inneheld dei viktigaste tiltak

og forpliktelsar vedr. sikkerhet på byggeplassen. Denne skal delast ut som oppsummering av "introduksjonskurset".

HB skal sørge for, samt vedlikehalde, ei oppslagstavle for SHA, samt loggbok for personar på byggeplassen. Loggboka skal innehalde rubrikk for inn og utsjekk frå byggeplassen.

13. Oppfylgjing og ajourføring

BH-KU har ansvar for ajourføring, komplettering og distribusjon av denne SHA- planen i byggetiden. SHA- planen skal være fast punkt på byggemøta. Eventuelle endringar skal beskrivast spesielt i referat frå møta.

Alle deltakerar har plikt til å melde frå til BH-KU om forhold som ein mener ikkje er i samsvar med planen, eller som er gløymd og bør tas med.

Avvik frå krava i SHA-planen skal rapporteres og loggførast av respektive koordinator. Avvik skal behandlast og lukkast.

SHA-KP og KU vil halde revisjon av SHA-arbeidet på byggeplassen i prosjekterings- og byggeperioden.

14. Reaksjon (ved overtredelse av krav i forskrift eller SHA- plan)

Byggherren vil kontinuerlig registrere og månedleg sammenfatte negative avvik i forhold til bestemmelsane i denne SHA- planen. Det er forventa eit normalnivå på 10 registrera negative avvik pr. måned. HB har ansvaret for å ha eit system med innrapportering av RHU, samt rapportere dette månedleg.

15. Krav til hovedbedrift

HB skal sjå til at krav i byggherreforskriften (BHF), arbeidsmiljøloven (AML) og interkontrollforskriften vert fulgt. Dette medfører blant annet at HB må:

- Sjå til at grensesnittene mellom entreprenørene blir risikovurdera
- Sjå til at eigne underentreprenørar og sideentreprenørar har eit fungerande internkontrollsystem
- gjennomføre vernerunder kvar 14.dag og lage protokoll som vedlegg til fyrste fylgjande byggemøte